



Føresette

Saksnr
08/1377-1

Løpenr
8924/08

Arkivkode
A10 &58

Avd/Sek/Saksh
OPP/OPP/AAKH

Dykkar ref

SMITTEHINDRING I BARNEHAGANE OG SKULANE



Målsettinga med dette skrivet er å hindre at brennkoppar, augekatarr og lus spreier seg i barnehagane og skulane. I dei seinare åra har vi hatt epedemiar som har vore vanskeleg å stoppe. Kan ein setje inn tiltak som alle følgjer opp på eit tidleg tidspunkt, vil dette gjera kvardagen lettare for både barn og foreldre.

I barnehage og skule har barna svært nær kontakt med kvarandre slik at smitte lett blir overført.

Tiltaka gjeld alle barn i barnehage (og private barnehagar) og skule i Klepp kommune. Tiltaka er godkjende av kommunelækjaren.

Når foreldre og barnehage/skule tek ansvar saman, vil førekomsten av smittsame sjukdommar minke.

BRENNKOPPAR

Symptom:

Væskande og/ eller skorpebelagde sår.
Byrjar som små prikkar med puss i midten. Oftast i andlet eller på hender

Ansvar foreldre:

Ta kontakt med lege.
Fullfør behandling.
Hald barnet heime til det er smittefri, d.v.s. 1 – 2 dagar etter behandlinga er starta.
Dei såra som væsker skal dekkjast til.

Ansvar barnehage/ skule:

Sørgje for god hygiene blant personalet og dei andre barna.

AUGEKATARR

Symptom:

Puss i augekroken og raude auge. Samstundes ofte forkjølelse

Ansvar foreldre:

- Ta kontakt med lege.
- Fullfør behandling.
- Barn med augekatarr som har vært til lege, og som får behandling med antibakterielle augedråper, kan ikkje gå i barnehagen før neste

dag. Dette gjelder sjølv om behandlinga er starta kvelden før.
Barn med augekatarr som lege oppfattar som viral(og som ikkje får behandling med antibiotika) kan gå som vanleg i barnehage.

Ansvar barnehage/ skule:

Sørgje for god hygiene blant personalet og dei andre barna.

Dersom det blir unormalt mange med augekatarr i barnehagen må styrer ta kontakt med helsesøster/ kommuneoverlegen for nærare kartlegging og eventuelt innføring av restriksjonar.

HODELUS

Symptom:

Kløe og luseegg i hovudet.

Ansvar foreldre:

Kjøp resept fri medisin.

Fullfør behandlinga.

Følg råda i skriv frå helsesyster.

Hald barnet heime til behandling er starta.

Ansvar barnehage/ skule:

Sjekk personalet (Personalet må og gå gjennom eventuell behandling).

Følg råd i skriv frå helsesyster.

DIARE OG OPPKAST

Symptom:

Diare og oppkast

Ansvar foreldre:

Har barnet ”omgangssjuke” med oppkast og diare´ blir barnet holdt heime.

Har barnet hatt oppkast i løpet av natta før barnehagedagen, blir barnet holdt heime påfølgjande dag.

Ved epidemier med oppkast og diare´ kan kommuneoverlegen pålegga foreldra å ha barna heime i 48 timer etter oppkast og diare`.

Ansvar barnehage:

Sørge for god hygiene blant personalet og dei andre barna. Melde frå til kommuneoverlegen ved mange tilfeller (meir enn 5 i løpet av kort tid) i same barnehagen.

Klepp kommune, 29.04.2008

Trond Roy Pedersen
kommunalsjef

Åse Kyllingstad Hatteland
barnehagesjef